

Hordaland fylkeskommune

hfk@hfk.no**Ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030**

Regionrådet i Nordhordland viser til:

- arbeidet med ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030
- møte i Regionrådet fredag 7. november der fylkestannlegen orienterte arbeidet med planen
- høyringsuttale frå Regionrådet i Nordhordland datert 12. desember 2014

Regionrådet i Nordhordland opprettheldt sin uttale datert 12. desember 2014. Regionrådet støtter også uttalane som er kome frå dei enkelte kommunar i regionen.

Regionrådet ynskjer sterkt eit fortsatt desentralisert tannhelsetilbod i kommunane i Nordhordland. Me ber om at fylkespolitikarane legg større vekt på dei samfunnsmessige konsekvensane av ei omlegging av klinikkstrukturen enn det fylkesadministrasjonen har lagt vekt på i klinikkstrukturplanen. Regionrådet er bekymra for den sterke sentraliseringa av offentlege tenester som skjer i dagens samfunn, og at dette ikkje gir innbyggjarane i distriktet dei tenestene dei lovmessig har rett på.

Regionrådet synest planen i lita grad set brukarane i sentrum. Planen legg opp til at barn og unge og andre pasientgrupper med rett til oppsøkande og regelmessig tilbod på tannhelsetenester vert borte heile dagar frå bl.a. skule, og at mange foreldre må ta seg fri store deler av dagen frå arbeid.

Dette fører også til mykje reiseverksemd og bilbruk, og er ikkje i tråd med fylkeskommunen sin eigen miljøplan. Kollektiv tilbodet er svært varierende og til dels dårleg for mange ute i distrikta i regionen, og pasientar frå desse områda vil bruka veldig mykje tid til reise og venting. Planen slik den er framlagt byggjer ikkje på den faktiske reisetida innbyggjarane vil ha med bil eller offentlig kommunikasjon frå bygder og skulekrinsar i utkantane.

Regionrådet er sjølvstøtt svært positiv til at det vert planlagt med ein styrkja og framtidsretta sterk fagleg klinikk i Knarvik. Me meiner denne må kunne spela på lag med - og ha god fagleg dialog og kommunikasjon med dei mindre klinikkane ute i regionen. Den vil vera eit fagleg kunnskapssenter for alle slik at me samla sett får eit framtidsretta og godt fagleg tannhelsetilbod i regionen – både for pasientar og for fagpersonell.

Regionrådet ber om at fylkestannlegen prøver å finna ein modell som styrkjer det regionale tilbodet samtidig som ein klarar å halda oppe tenester ute i distrikta.

Regionrådet vil alternativt be om at fylkeskommunen utsett saka til prosessen med oppgåvefordeling mellom stat, fylke og kommune - og framtidig regionalisering er vedtatt.

Knarvik, 5. februar 2016



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Fylkestannlegen i Hordaland
Kommunane i Region Nordhordland